

Kommunale målsettingar for hjorteviltbestandane i Lom - bestandsplanperioden 2024 - 2026

Følgjande målsettingar er fastsett av Lom viltutval med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* § 3, og skal vera styrande for bestandsplanar som blir utarbeidd av viltområda/ valda, jamfør forskrifta § 15. Målsettingane skal rullerast i forkant av kvar bestandsplanperiode.

Generelle målsettingar for bestandane av elg, hjort og rådyr i Lom:

- Hjorteviltbestandane skal være tilpassa produksjonsgrunnlag og bereevne i området
- Hjorteviltbestandane skal oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon og ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur, basert på bestandsindeksar henta frå Hjorteviltregisteret
- Skader som hjorteviltet påfører jord- og skogbruk skal haldast innanfor eit akseptabelt nivå
- Omfanget av viltpåkjørsler skal reduserast
- Hjorteviltet skal kunne utgjere ein vesentleg økonomisk ressurs for grunneigarane.

Bestandsplanar og avskytingsavtalar bør setjast opp med utgangspunkt i fordeling på alder og kjønn (ikkje vektgrenser) jamfør forskrift om forvaltning av hjortevilt §15.

Spesielle målsettingar for dei enkelte viltartar og delområde:

ELG:

Bøverdalen: Det har vore høgt uttak av elg i Bøverdalen viltområde i siste bestandsplanperiode, med ein nedgang i 2023. Det er fortsatt tilfelle av beiteskader på innmark på grunn av elg, men ikkje i like stor grad som for hjort. Avskytinga bør fortsatt haldast oppe, med ei målsetting om å halde elgbestanden på eit stabilt nivå.

Garmo: Rapportering og fellingstal tyder på ein viss bestandsauke. Oppsplitting av Garmo viltområde i 2017 medførte totalt sett litt lågare kvote og redusert samla uttak. Bestanden bør stabiliserast, eller reduserast litt samanlikna med dagens situasjon. Avskytinga bør derfor haldast oppe på dagens nivå.

Skaihø: Bestandsveksten ut til å ha flata ut, men bestanden er likevel på eit relativt høgt nivå i enkelte område, med lokale innmarksskader. Valdet og det enkelte jaktfelt bør ha som mål å styre uttaket slik at ein reduserer skader på innmark på grunn av lokalt høg bestand.

HJORT:

Det vart sett ny rekord hjortefelling kvart år i perioden 2016 - 2021. Etter at minstearealet vart redusert og kvotane/ uttaket i bestandsplanane vart auka i 2021, har uttaket flata ut.

Hjortebestanden er fortsatt høg for deler av kommunen. Kommunen sin tilråding er derfor:

Bøverdalen: Fellingsprosenten har vore relativt låg dei siste to åra. Bestandsplanen for 2024-26 bør ha ei noko lågare årskvote enn i førre periode, og andelen med kalv/ungdyr bør aukast.

Garmo: Bestanden ser ut til å ha flata ut på eit noko lågare nivå enn den var for nokre år tilbake. Uttaket bør vere noko mindre enn i førre periode, og andelen med kalv/ungdyr bør aukast.

Skaihø: Bestanden ser ut til å ha stabilisert seg på eit høgt nivå. Uttaket i bestandsplanperioden for 2024-26 kan fortsatt haldast oppe på tilsvarende nivå som i førre periode.

RÅDYR:

Historisk har rådyrbestanden store svingingar frå år til år pga. varierende vinterforhold og predasjon (gaupe og rev). I 2023 var det låge fellingstal for rådyr i Skaihø og Garmo-valda. Bestandsplanar og avskyting bør ta sikte på å halde bestanden på om lag same nivå som i førre bestandsplanperiode.